



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1256-

5. mars 2019

Løyve til uttak av drikkevatt frå Kørelen i Sund og Fjell kommunar i Hordaland - klagesak

Kørilen Grunneigarlag, Sund Hjortevald, Arvid Idar Spilde, Stig Hammersland og Magne Harkestad klagar på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt løyve av 07.03.2017 til uttak av drikkevatt frå Kørelen i Fjell og Sund kommunar i Hordaland.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunn til å gjere om på sitt vedtak og har sendt saka til departementet i brev av 08.06.2017.

1. Bakgrunn

FjellVAR AS og Sund Vatn og Avlaup AS søkte 14.01.2015 om løyve til utvida vassuttak frå Kørelen med tilhøyrande senking inntil 0,75 m under normal vasstand. Sund Vatn og Avlaup sitt eksisterande vassuttak er tidlegare vedtatt konsesjonsfritt.

Kørelen er i dag nytta som drikkevasskjelde for Sund kommune. Sund Vatn og Avlaup har eit uttak på om lag 3.000 m³/døgn, og det blir søkt om å auke dette uttaket til maksimalt 15.000 m³/døgn.

Fjell kommune har i dag ikkje vassuttak frå Kørelen, men ønskjer å styrke vassforsyninga ved å ta i bruk Kørelen som framtidig ny hovudvasskjelde. Kapasiteten i vassverket vil bli 15.000 m³/døgn.

Maksimalt vassuttak frå dei to vassverka utgjer 33 % av årleg tilsig til Kørelen.

Det vil bli etablert ein terskel i utlaupet av Kørelen ved Kjæreidet med det føremål å avgrense avlaupet i periodar med lågt tilsig og for å sikre vandringsstilhøva for sjøaure og ål. NVE har satt som vilkår at det skal sleppast ei minstevassføring på 100 l/s i perioden 1. august til 1. oktober.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
oed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling
Energi- og
vannressursavdelinga

Saksbehandlar
Steinar Pettersen
22 24 61 39

Fylkesmannen i Hordaland har ingen merknader til auka uttak frå Kørelen gitt minstevassføring og sikring av vandringsmoglegheit for sjøaure og ål. **Sund turlag** er positive til tiltaket når det skal sleppast minstevassføring og etablerast fiskepassasje. **Kørelen grunneigarlag** har diverse merknader til søknaden, m.a. knytt til klausulering, kunnskapsgrunnlaget og forholdet til private interesser. **Sund hjortevald** er i mot tiltaket og meiner den byggjer på utdaterte data, og at høgdegrunnlaget er feil. **Magne Harkestad** og **Stig Hammersland** meiner søknaden inneheld feil høgdegrunnlag og at den ikkje i stor nok grad tek omsyn til ulempene av drikkevassuttaket. **Ann Iren Tellnes Moe** har merknader knytt til plasseringa av pumpestasjonen på hennar eigedom. **Arnstein Hetlesæter** meiner konsesjonssøknaden er god, men saknar ei skildring av sjølve anleggsarbeidet ved utløpet av Kørelen. **Nils-Martin Eide** og **Arvid I. Spilde** er i mot tiltaket på grunn av verknadar for eigen eigedom.

2. NVE sitt vedtak

NVE har summert opp sitt vedtak som følgjer i KI-notat 9/2017:

"Fjell og Sund kommunar ligg på Sotra , vest for Bergen. Begge kommunane har aukande folketal. Kørelen har fungert som vasskjelde for Sund kommune sidan 2005. I Fjell kommune sin reviderte hovudplan for vassforsyning av 2011, vart Kørelen planlagt som vasskjelde også for Fjell kommune. Ulempene knytt til dette vassuttaket vil først og fremst vere i form av fysiske inngrep i utløpsosen til Kørelen. Dei fysiske inngrepa er relativt avgrensa og vil berre vere synleg lokalt i landskapet. Nordsjøløypa kryssar i dag utløpsosen med bru. Ved at søkar tek omsyn til denne brua ved gjennomføring av tiltaket, meiner NVE tiltaket vil ha avgrensa verknad for friluftsliv. Med avbøtande tiltak i form av minstevassføring og fisketrapp, meiner NVE at tiltaket er akseptabelt av omsyn til anadrom fisk."

3. Klagene

Kørelen grunneigarlag har i klaga av 28.03.2017 peika på følgjande moment:

- Det er uvisse om vasstandshøgden i Kørelen, og klagar meiner at ein må forvente ei større senking enn 0,75 m.
- Med ei regulering som kan bli meir enn 1 m, burde tiltaket ha vore vurdert i forhold til INON.
- Klagar sakna ei vurdering av mogleg saltvassinntrenging grunna stormflo og havstiging, og er uroa for at det må byggjast ein høgare dam av denne årsaka.
- Vasskvaliteten er i dag god, og det er ikkje trong for klausulering av vasskjelda. Klausulering vil forringe eigedomane rundt Kørelen med konsekvensar for næring, jordbruk, husdyrhald, beiting og fritid.
- Klagar etterlyser ei konsekvensutgreiing av vassutak på ulike djupne i bassenga.
- Klagar ønsker minstevassføring i eit lengre tidsrom.

Sund hjortevald har i brev av 28.03.2017 følgjande grunngjeving for klaga:

- Ikkje alle grunneigarane er varsla direkte.
- Klagar etterlyser ei konsekvensutgreiing av vassutak på ulik djupne i bassenga.
- Klagar er kritisk til at forhold til klausulering i liten grad er omtalt.
- Forholdet til ureiningssituasjonen er ifølgje klagar for lite vektlagt.
- Terskeldammen ved utløpa vil bety store inngrep med landskapsmessige konsekvensar.
- Klagar meiner terskeldammen vil innebere oppstuvning i Kørelen med dertil høyrande flaumskader.
- Med ei regulering som kan bli meir enn 1 m, burde tiltaket ha vore vurdert i forhold til INON.
- NVE har i sitt vedtak har ikkje gjort greie for ei regulering utover 0,75 m i tørre år.
- Vassuttaket kan få konsekvensar for private vassuttak.
- Klagar sakna ei vurdering av mogleg saltvassinntrenging grunna stormflo og havstiging, og er uroa for at det må byggjast ein høgare dam av denne årsaka.
- Vasskvaliteten er i dag god, og det er ikkje trong for klausulering av vasskjelda, slik klagar meiner at Mattilsynet planlegg.
- Vassuttaket vil føre til utrygg is vinterstid, som vil vere farlig for dyr og menneske.
- Fråsegna frå offentlege instansar er vektlagt meir enn fråsegn frå private, grunneigarar og interesseorganisasjonar.
- Klagar vil ikkje akseptere restriksjonar på jakt og friluftsliv.

Arvid Idar Spilde har i klaga av 28.03.2017 uttrykt følgjande:

"...

Ettersom at vi allerede kan lese på Fjell Kommunes nettside så kommer det tydelig frem at Fjellvar har utarbeidet en omfattende plan for klausulering rundt nedslagsfeltet til Kørelen. Dette som følge av at konsesjon er tildelt Fjell og Sund Kommunar.

Undertegnede ønsker en garanti for at Eiendommen GNR: 41 BNR: 8 ikke blir berørt av noen form for klausulering, herunder gardsdrift og etablering av boligfelt, samt bruk av Kørelen til fiske, uttak av vann og andre aktiviteter som ligger under grunneiers rettigheter og praksis gjennom generasjoner."

Stig Hammersland har i si klage av 27.03.2017 gjeve uttrykk for følgjande:

- Klagar meiner reguleringa blir større enn kva søkjarane har lagt til grunn, og meiner at tiltaket burde vore vurdert i høve til INON.
- Klagar sakna ei vurdering av mogleg saltvassinntrenging grunna stormflo og havstiging.
- Klagar etterlyser ei utredning av konsekvensar av vassuttak på ulikt vassdjup.
- Klagar saknar eit referat frå NVE si synfaring av området.
- Det er positivt at det vil bli lagt til rette for fortsatt bruk av Kørelen, som båtopptrekk og liknande, men klagar fryktar for at tiltaket får negative konsekvensar for husdyrhald i nedbørfeltet.

Magne Harkestad har i klaga av 28.03.2017 peika på at søknaden inneheld feil om jordbruket rundt Kørelen. Klagar er uroa for at det vil bli klausulering, og meiner NVE skulle ha nedfelt FjellVAR si uttale om dette på synfaringa i eit eige referat. Klagar meiner uttaket vil bli større enn kva behovet er lokalt.

4. Departementet sine merknader

Departementet kan gi løyve til drikkevassuttak frå Kørelen med senking på inntil 0,75 m dersom "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25. Departementet vil drøfte dei merknadene i klagene som er naudsynt for å grunngje avgjerdsla. Departementet kan også ta omsyn til andre forhold som ikkje er tatt opp i klagene.

Departementet vil innleiingsvis påpeike at energi- og vassressursmyndigheitene i behandlinga av søknaden om løyve til drikkevassuttak frå Kørelen, vurderer tiltaket sine ulemper opp mot samfunnsnytta. Drikkevassforsyning er eit viktig samfunnsnyttig føremål.

Sund hjortevald meiner at NVE har vektlagt fråsegn frå offentlege instansar sterkare enn fråsegn frå private og interesseorganisasjonar. NVE har i si klageoversending kommentert dette forholdet, og viser til at fråsegn frå private og interesseorganisasjonar i stor grad har vore knytt til forhold som ikkje rør NVE si vurdering av tiltaket etter vassressurslova. Departementet er samd i NVE si vurdering, og vil peike på at forhold som gjeld vasskvalitet og klausulering er Mattilsynet og kommunane sitt ansvar. NVE skal i si behandling etter vassressurslova vurdere fordelar og ulemper av vassuttaket, inngrepa knytt til dette og reguleringa av Kørelen.

Når det gjeld klausulering, vil departementet likevel peike på at Fjell kommune allereie har innført planføresegner til kommuneplanen sin arealdel som legg avgrensingar på bruken av Kørelen sitt nedbørsfelt. Det går også fram av Sund kommune sin kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avlaup frå 2015 at kommunen arbeider med å få på plass forskrifter for framtidig bruk av nedslagsfeltet.

Det er også kome til uttrykk ei misnøye med NVE si saksbehandling, m.a. i forhold til varslings av grunneigarar og referatføring frå synfaringa. NVE har gjort greie for si saksbehandling, og departementet har ingen merknader knytt til saksbehandlinga.

Kørilen grunneigarlag, Sund hjortevald og Stig Hammersland har retta merksemd mot dei kotehøgdenesom er nytta. Høringspartane frykter at terskeldammen ved utlaupselva vil føre til flaumstigning i Kørelen, og at dette i praksis inneber at reguleringa blir større enn 0,75 m og av den grunn må behandlast etter regelverket for INON.

Departementet legg til grunn at normalvasstanden i Kørelen er oppmålt til 2,2 moh. Vasstanden vil alltid variere etter tilsiget, og vil i periodar med mykje nedbør/stort tilsig normalt være høgare enn kote 2,2, og lågare enn normalvasstanden i tørre periodar. Fylkesmannen i Hordaland (nå Vestland) meiner at Kørelen har stor sjølvregulering.

Eit vassuttak som planlagt vil innebære at ein vasstand høgare enn normalvasstanden vil inntreffe sjeldnare enn før.

Kørilen grunneigarlag meiner det må påreknast at nedtapping av Kørelen vil bli større enn 0,75 m. NVE legg til grunn at vilkåra for løyvet blir følgd. Departementet slutter seg til denne føresetnaden, og vil samtidig vise til berekningane som gjeld tilsig og uttak normalt vil ligge godt innafor reguleringsgrensene i konsesjonen, og at det også er tatt høgde for at det kan inntreffe særleg tørre situasjonar.

Terskeldammen som skal etablerast i utløpet har ikkje til føremål å auke vasstanden i Kørelen, men er naudsynt for avgrense avlaupet i periodar med lågt tilsig, og skal samtidig sikre minstevassføring i utløpselva. Det skal ikkje byggjast veg i samband med etablering av dammen. Departementet er samd med NVE i at terskeldammen med tilrettelegging for fiskens vandring vil vere eit relativt avgrensa inngrep. Departementet vil også vise til at det av omsyn til ferdselen skal leggjast til rette for framleis kryssing av utlaupselva. Departementet føreset at anleggsarbeidet blir utført skånsamt, og at området blir sett i stand på ein god måte etterpå.

Kørilen grunneigarlag gjev uttrykk for at det bør sleppast minstevassføring i ein lenger periode enn kva som går fram av NVE sine vilkår. NVE har i sitt vedtak lagt vekt på at minstevassføring er særleg viktig på ettersumaren og tidleg på hausten, både pga. at dette er den perioden sjøaure vandrar opp i Kørelen og av di det særleg er på denne tida av året at tørkesituasjonar er vanlegast. Departementet slutter seg til NVE sin vurdering av dette forholdet i tillegg til vurderinga som NVE har gjort når det gjeld opp- og nedvandring av ål.

Om stormflo og havstigning vil føre til saltvasspåverknad av vasskjelda, er etter departementet sitt syn eit spørsmål om Kørelen sin vasskvalitet. Dette er eit forhold som ligg utanfor det som skal vurderast etter vassressurslova.

Dei resterande momenta som går fram av klagene, som t.d. forholdet til eksisterande private drikkevassuttak og tilrettelegging for båtopptrekk, er forhold av privatrettsleg karakter som må avklarast mellom kommunane og dei grunneigarane det måtte gjelde.

5. Departementet sitt vedtak

Etter ein heilskapleg vurdering av planane for bruk av Kørelen som drikkevasskjelde for kommunane Sund og Fjell, meiner departementet at fordelane er større enn ulempene for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt.

Klagene frå Kørilen grunneigarlag, Sund hjortevald, Arvid Idar Spilde, Stig Hammersland og Magne Harkestad blir ikkje teken til følgje. Departementet opprettheld NVE sitt løyve til uttak av drikkevatn frå Kørelen med tilhøyrande vilkår.

Dette vedtaket kan ikkje klagast på, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd første, punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Steinar Pettersen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Fjell kommune
FjellVAR AS
Fylkesmannen i Vestland
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet
Norges vassdrags- og energidirektorat
Sund kommune
Sund Vatn og Avlaup AS

Adresseliste

Arvid Idar Spilde
Kørilen Grunneigarlag
Magne Harkestad
Stig Hammersland
Sund Hjortevald